

Slik søker du om produksjonstilskott – rettleiing for søkarar

Oppdatert: 22.01.21

[Gå hit for å sjå rettleiing, video og informasjon om "Min side"](#)

Autentisere og logge på

Første gong du loggar på

For å ta i bruk «Min side» må du aktivere brukaren din. Første gong du loggar på gjer du følgjande:

1. Du får ein e-post med invitasjon til «Min side»
2. Klikk på lenka i e-posten for å stadfeste brukaren din. For ettertid vil det vere følgjande adresse til «Min side»: <https://medietilsynet.force.com>. Det er lurt å lagre denne som bokmerke eller *Favoritt* i nettlesaren din.

Passord opprettar du første gong du skal logge inn. Når passord er oppretta, vil du få melding om å skrive inn ein sikkerheitskode. Denne vil bli sendt på den e-postadressa du er registrert med hos Medietilsynet.

OBS! dersom du ikkje mottar e-posten med koden, kan det vere lurt å sjekke spam-filteret ditt.

For framtidige påloggingar til «Min side»

1. Gå til <https://medietilsynet.force.com>
2. Skriv inn e-post adressa ditt (brukarnamn) og passordet du sjølv har laga
3. Du får tilsendt ein sikkerheitskode på e-post. Skriv inn den 6-sifra koden. Trykk «Neste»
4. Du er nå innlogga på «Min side»

Du vil få tilsendt ein ny sikkerheitskode kvar gong du skal logge deg på «Min side»-

Fyll inn søknad

1. Klikk på: «Støtte- og tilskuddsordninger»
2. Vel: «Produksjonstilskudd»
3. Øvst på sida blir det vist «Minesøknader»

Vel «Ny» på høgre side – ein ny søknad opnar seg

4. Du kan når som helst trykke «Lagre» nedst i søknaden. Informasjonen du har fylt inn blir verande til neste gong du loggar på.
5. Fyll ut all nødvendig informasjon i skjemaet. Det finst hjelpetekstar for kvart punkt. Desse blir synlege ved å halde musépeikaren over «i» – ein ved kvart spørsmål.
6. Du treng berre fylle inn rekneskapstal for i fjor/siste år. Vi vil nytte tidlegare innsendt informasjon når vi behandlar søknaden.
7. Når du er har fylt ut alle obligatoriske felt og er klar til å sende inn søknaden, må du endre «Status» i siste nedtrekksmeny til «Klar for godkjenning hos revisor» og deretter klikke «Lagre».
8. Søknaden blir nå sendt til revisor som er registrert på avisa di. Du vil få tilbakemelding på e-post.

Dersom du søker om tilskott for eit nyetablert medium, ber vi om at du sender oss ti ulike nummer frå i fjor per post. Dersom mediet er ei kontinuerleg oppdatert nettside, ber vi om at to fulle vekesproduksjonar frå i fjor blir gjort tilgjengelege for Medietilsynet per e-post til produksjonstilskudd@medietilsynet.no.

Nye søkarar vil få besøk av opplagskontrollen i Mediebedriftenes Landsforening (MBL) for blant anna å kontrollere opplaget i fjor. Du vil bli kontakta for å avtale tidspunkt for kontrollen.

Revisorgjennomgang

Når du har sendt inn søknaden blir den vidare sendt til revisor. Du får ein e-post når søknaden er revidert, med tilbakemelding om den er godkjent eller ikkje. Dersom søknaden ikkje er godkjent av revisor, må du endre søknaden slik revisor beskriv i sin gjennomgang, og sende inn på nytt.

Når søknaden er endeleg godkjent av revisor, blir den saksbehandla i Medietilsynet. Status på søknaden din vil alltid stå øvst på sida for søknaden på «Min side».

Godkjent / ikke godkjent

Medietilsynet gjennomgår søknaden, og du får tilbakemelding på e-post og på «Min side» om søknaden er innvilga eller avslått.

Rettleiing om tillate utbytte til medium som får produksjonstilskott finner du her:

<https://medietilsynet.no/globalassets/dokumenter/produksjonstilskudd/utbytteveiledning-til-tilskuddsberettigede-medier.pdf>

Har du spørsmål? Kontakt oss på

produksjonstilskudd@medietilsynet.no eller 69 30 12 00.